

2022

ÅRSMELDING



Bjørnafjorden
næringsråd

VEDLEGG

1. Innkalling til årsmøte
2. Styrets årsberetning
3. Årsregnskapet 2022
4. Vedtekter
5. Kontingentsatser
6. Valkomiteens innstilling
 - Styreleiar
 - Styremedlemmer
 - Varamedlemmer
 - Neste års valnemnd
 - Revisor for 2023

1. INNKALLING

ÅRSMØTE I BJØRNAFJORDEN NÆRINGSRÅD.

NÅR: Onsdag 7. juni kl 17.00 – 18.00 (medlemstreff 18.00 – 20.00)

STAD: Fjordloftet, Byvegen 30, 5200 Os

PROGRAM ÅRSMØTET

1. Registrering av medlemmer
2. Godkjenning av innkallinga
3. Val av møte funksjoner: Møteleder og 2 stykk til å underskrive protokollen
4. Styrets årsberetning for 2022
5. Regnskap og balanse for 2022
6. Vedtekter
7. Kontigent
8. Framlegg
8. Val

Vedlegg:

- Styrets årsberetning for 2022.
- Årsregnskap for 2022 – kommer.
- Vedtekter & kontigentsatser.
- Valkomiteens innstilling til styre 2023/24 og Styrets innstilling til valnemnd neste år – kommer.

Framlegg til saker på årsmøtet må leverast skriftleg til styret **innan to** veker før årsmøtet.

E-post: post@bfnr.no

§8 Røystereglar:

“Alle saker i styre og årsmøte vert avgjorde med vanleg fleirtal med unnatak av dei tilfelle som er nemnde i paragraf 9 (Oppløysing) og 10 (Endring i vedtekter). Er røystetalet likt, er leiaren si røyst avgjerande. Ein kan berre røyste ved personleg frammøte eller ved skriftleg signatur eller e-post.”

2. STYRETS ÅRSBERETNING FOR 2022

Bjørnafjorden Næringsråd (BNR heretter) er ein interesseorganisasjon med ein visjon at vi skal vere ei synleg og aktiv ressurs for lokalt næringsliv. Vi skal invitere, utfordre og bidra til berekraftig vekst!

Per 1. januar 2023 hadde næringsrådet 287 medlemmar og medlemstalet har vokal stabilt over de siste årene.

1

Styrets samansetning BNR 2022/2023



Cathrine Elisabeth Smith

Styreleiar



Solfrid Ørnes

Nestleiar



Aleksander Grener

Styremedlem



Siri-Ann Myren Dalseide

Styremedlem




Frank Moberg

Styremedlem



Marthe Aalmen Kristensen

Styremedlem (gikk ut av styret oktober 2022)



Loren Ditmarsen-Radecka

Styremedlem



Bjørg Mette Holmefjord Antonsen

Vara styremedlem



Leif Gunnar Borgen

Vara styremedlem (styremedlem fra oktober 2022)

2

Styrets arbeid

Styret har hatt 9 styremøter (fysiske og digitale). Varamedlem er blitt innkalla på alle møtene:

- 15. februar 2022
- 7. mars 2022
- 30. mars 2022
- 25. april 2022
- 7. juni 2022 - konstituering av nytt styre
- 23. august 2022
- 26. september 2022
- 24. oktober 2022
- 22. november 2022

Årsmøtet ble heldt 19. mai 2022. Møtet ble avholdt på Kuli, Bjørnafjorden Rådhus, etterfulgt av medlemstreff.

I tillegg har representantar frå styret vært engasjert i møter for noen av prosjektane, bla Fjordfondet.

3

Administrasjon, arbeidsmiljø, sjukefravær, likestilling

BNR har hatt ein 100% fast stilling i heile 2022.

Styret meiner arbeidsmiljøet i selskapet er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2022.

Styret bestod av 3 menn og 6 kvinner fram til oktober 2022. Styremedlem, Marthe Kristensen, trakk seg frå styret, og Leif Gunnar Borgen, tok over plassen i styret (han gikk frå vara til styremedlem). Styret har ikkje funnet det nødvendig å iverksette spesielle tiltak med omsyn til likestilling.

Bedrifta forureinar ikkje det ytre miljø, og har i dag status som Miljøfyrtårn-sertifisert bedrift.

4

Medlemmer

Vi fakturerte medlemsmassen frå BNR i september/oktober 2022. BNR hadde da 265 medlemmer, fordelt mellom Fusa, Os, Samnanger, Bergen & Øygarden.

Antallet medlemmer auker jevnlig, og 1. januar 2023 var antall medlemmer auka til 287.

5

Aktivitetar BNR i 2022

2022 starta med korona-restriksjonar for offentlege arrangement. Den situasjonen hadde vi opplevd fleire periodar frå i løpet av pandemien. Tidleg i 2022 nærma vi oss slutten. 13. januar starta gjenopninga, og 12. februar var livet tilbake til «normalen» utan korona-tiltak frå styresmaktene.

BNR kunne endeleg igjen invitera til frukostmøte, treff og andre samankomstar. Men perioden med krevjande hendingar på verdsbasis var ikkje over. 24. februar, gjekk Russland inn i Ukraina i det mest omfattande angrepet sidan andre verdskrig. Pandemien var over, men no var det krig i Europa.

Norsk økonomi var på god veg tilbake til eit normalt aktivitetsnivå, men krigen la ein dempar på oppturen. Utover året steig energiprisane kraftig, renta gjekk opp og prisnivået steig på det aller meste. I tillegg kom Regjeringa sitt forslag om grunnrenteskatt, noko som snudde opp ned på rammevilkåra til oppdrettsnæringa, og investeringar lokalt blei sett på vent.

Som eit resultat av stadig endrede vilkår og utfordringar, har styret og administrasjonen gjennom 2022, fortsatt arbeidet med vidareutvikle næringsrådets strategi, profil og måten vi møter våre medlemer. Visjonen til næringsrådet er forankra i alt arbeid vi gjer og tilbod og tenester våre medlemer har tilgang til.

I ei vidareføring av samarbeid på tvers av bransjar, medlemsmasse og kommunegrenser har BNR forsterka samarbeidet gjennom å ønskje medlemmar velkomen som samarbeidspartnar. Dette er også ei positiv utvikling for driftsøkonomien til næringsrådet.

I 2022 hadde vi tre (3) hovudsamarbeidspartnare, kor alle tre har vidareført samarbeidet for 2023:

- Sparebanken Vest
- SANDS Advokatfirma
- ECIT

I 2022 hadde vi tre (3) samarbeidspartnare, kor alle tre har vidareført samarbeidet for 2023:

- Framo
- Azets
- Deloitte

Program 2022:

2022 har vore eit aktivt år, med frukostmøter, halvdagskonferanser, Bjørnafjordkonferanse med meir. Til alle arrangement brukar vi, så langt det er mogleg, lokale leverandører som òg er medlemmer i næringsrådet.

I 2022 har vi gjennomført:

4 frukostmøter:

- **BUS AS:** medverkningsmøte om Lyseparken
- **Dfind:** korleis rekruttere & behalde kompetanse
- **Regnskapskompetanse:** Rekneskapforståing
- **Stiegler & Bjørnafjorden Kommune:** Rekkefølgjekrav og Planarbeid i Bjørnafjorden

2 halvdagseminarer:

- **Strategiverkstad** saman med Strøyma, SPV, Fana Sparebank, Innovasjon Norge og Ørn Management
- **Den Store Etablererdagen** saman med ECIT, Harris Advokatfirma, Askeladden & Co, Jan Børge Sagmo, Innovasjon Norge & Etablerersenteret

Grøn Bedriftssafari ble arrangert saman med Bjørnafjorden kommune. Dette er eit felles prosjekt med BNR og kommunen. Målet med denne safarien er å fremme samarbeid og økt verdiskaping i næringslivet i Bjørnafjorden på tvers av bransjer. Denne gongen var fokuset på bedriftane på Fusa. Vi besøkte Vestlandske Limtreindustri, Helland Hogst, og avslutta dagen med lunsj hos Fusa Vidaregåande Skule



TV-aksjonen 2022 var for Leger uten grenser. Å ta samfunnsansvar og bidra er viktig for BNR, og det er tredje gong vi var med som koordinator mellom TV-aksjonen og næringslivet. Gjennom eit engasjert næringsliv, samla vi inn nærmare kr 300.000



**B
R**
Medlemspraten

I 2022 fortsatte vi intervjueria, **Medlemspraten**. Vi engasjerte vi Gøril Nordtvedt for å skrive intervjuetta artiklar om lokale næringsaktørar og deira historie. Ho blei erstatta av Irene Mjelde hausten 2022.

I 2022 har vi intervjuja følgjande bedriftar:

- Dales Rederi AS
- Vestlandske Limtreindustri AS
- Bjørnafjorden Opplevelser
- Brødr Borgen Ferdigbetong AS
- G.C.Rieber Compact
- UniProtect AS
- SANDS Advokatfirma

Vi vil fortsette denne intervjueria framover som ein viktig del av strategien vår - korleis profilere våre medlem på best mogleg måte.

BJØRNA FJORD KONFERANSEN 2022

I endring & Utvikling

Bjørnafjordkonferansen - med tema *i endring og utvikling*, blei gjennomført for andre gong i Oseana.

Denne gongen, som tidligare år, vart Fjordfolk hyra inn som teknisk arrangør. Dagen blei leia av Christine Dancke. Der var ein dag som var fylt av lokale og nasjonale foredragsholdere som snakka om korleis Bjørnafjorden skal møte dei utfordringane som ligg føre oss.

Dato for konferansen 2023 er allereie satt: **fredag 27.10.2023 i Oseana.**



Fjordfondet er eit samarbeid mellom Sparebanken Vest og BNR. BNR forvaltar fondet, som i 2022 var på kr 300.000. Fondets mål er å dele ut midlar til lokale bedrifter med ambisjonar om nyskaping, berekraft og omstilling.

Følgande tre bedrifter fekk tildelt midlar à 100.000kr kvar, under Bjørnafjordkonferansen:

- Dalahagen v/Elise Kolle
- Spotten AS v/Kenneth Josephth
- Aarvik Gard / Fru Aarvik v/Ranjeeta Styve Aarvik



Næringspolitisk aktivitet & Næringsalliansen

BNR jobbar målretta for at næringslivet skal ha dei rette driftsvilkåra. Det ligg i næringsrådets mandat å utfordre lokale og nasjonale myndigheiter når ein ser at dette kan bli utfordra.

I desse utfordrande tidane, og med stort sett dei same problemstillingaen, har det vore nyttig for BNR å vere ein del av Næringsalliansen Vestland jobbar målretta for at næringslivet skal ha dei rette driftsvilkåra. Det ligg i næringsrådets mandat å utfordre lokale og nasjonale myndigheiter når ein ser at dette kan bli utfordra.

Formål & strategi: samarbeidsavtalen for Næringsalliansen Vestland slår fast at den skal vere grunnlaget for eit forsterka og inkluderande samarbeid på tvers av næringsforeningane i regionen. Avtalen peikar på fire hovudmål:

- Meir kraft i påverknads- og lobbyarbeidet, særleg regionalt og nasjonalt
- Fellesorganisert talerøyr ovanfor Vestland Fylkeskommune
- Framstå samla i utvalde saker, også som høyringsinstans regionalt og sentralt
- Utveksling av kunnskap og erfaringar, nettverksdeling

I 2022 var følgande aktive medlemmar av alliansen i

tillegg til BNR: Bergen Næringsråd, Askøy Næringsråd, Austevoll Næringsråd, Bømlo Næringsråd, Fikse Næringsforening – Etne og Vindafjord, Hardanger Industri, Kvam Næringsråd, Kvinnherad Næringssservice, Nordhordland Næringslag, Osterøy Industrielag, Sogn og Fjordane Næringsråd, Stord Næringsråd, Tysnes Næringsråd, Vaksdal Næringssselskap, Vest Næringsråd.

I samarbeid med alliansen har BNR bidratt og/eller støtta opp om fleire høyringsuttaler til styresmaktene. Når alle står saman veg innspela tyngre, og vi ser det som viktig å bidra til alliansen også framover.

- **Januar:** Opprop mot sjenkestopp
- **Februar:** Uttale om redusert arbeidsgiverperiode
- **Mars:** Ope brev til finansministeren – Kompensasjon for høge strømpriser
- **April:** Uttalelse om Energipriser
- **Juni:** Støtteerklæring Den Nasjonale Filmkommisjonen
- **August:** Opprop mot strømstøtte
- **September:** Høyringsuttale, Regionalplan for senterstruktur og berekraftig lokalsamfunn
- **Oktober:** Grunnrenteskatt og formueskatt stoppar utvikling i norsk havbruk
- **November:** Støtteerklæring frå NA Stord Lufthamn Fot-rute

Miljøfyrtårn-sertifisering



Hausten 2022 vedtok eit einstemmig styre å inngå ein avtale med Miljøfyrtårn-konsult, Kaizen Consult med mål om å oppnå Miljøfyrtårn sertifisering innan årets slutt.

Gjennom eit tett program der vi gjekk gjennom heile drifta til næringsrådet og alle våre leverandører, gjennomførte dagleg leiar sertifiseringa 2. desember 2022. Certnor godkjente Bjørnafjorden Næringsråd som eit Miljøfyrtårn same veke etter å ikkje ha funnet nokon avvik.

For næringsrådet er det viktig for oss å vere ein ressurs for heile næringslivet, og det er difor viktig å ha riktig kompetanse til riktig tid.

Fortsatt drift:

Årsregnskapet for 2022 er satt opp under forutsetning av fortsatt drift. Det bekreftast herved at forutsetninga om fortsatt drift er til stede.

Styret meiner at årsregnskapet gir et rettviseende bilde av selskapets eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Underskrifter

.....

Cathrine E Smith
Styreleiar

.....

Solfrid Ørnes
Nestleiar

.....

Aleksander Grener
Styremedlem

.....

Siri-Ann Myren Dalseide
Styremedlem

.....

Frank Moberg
Styremedlem

.....

Leif Gunnar Borgen
Styremedlem

.....

Loren Ditmarsen-Radecka
Styremedlem

.....

Bjørg Mette H Antonsen
Varas styremedlem

3. ÅRSREKNESKAP 2022

Kommentarer frå regnskapsfører, Tveit Regnskap Bjørnafjorden AS

Årsresultatet viser eit underskudd på kr 92 730,- for heile 2022.

Kjente avvik mot året før, skyldes:

Det er tapsført kr 61 400,- i 2022 på gamle kundefordringar etter oversikt frå dagleg leiar. Ser ein bort frå tapsføringa vil driftsresultatet vere eit lite overskott på kr rett over 18 500.

Totalt er det med kostnader på 38 442 som er frå 2021, så 2022-regnskapet er egentlig tilsvarende betre.

Det dreier seg om kr 25 942 Bjørnafjordkonferansen og 12 500 Medlemspraten. Tek ein dette med vert resultat for 2022 eit underskott på kr 54 288.

Inntektene for 2022:

3000 Salgsinntekt, avgiftspliktig	546 345
3100 Medlemskontigent	642 895
3105 Annen Inntekt	104 000
3110 Tilskudd	300 000
3120 Fjordfondet	370 000
3130 Bjørnafjordkonferansen	200 000
3560 Annen uopptjent inntekt	0
Sum Salgsinntekt	2 163 240

Leverandørgjeld: Leverandørgjeld kr 41 613 pr 3112 består av kr 32 432 ikkje forfalte og kr 9 180 i forfalte rekningar.

Bank: Beholdning pr 3112 er kr 868 904, herav kr 37 884 i bundne skattetrekkmidlar.

Egenkapitalen: er positiv med kr 771 549.

Resultatrekneskap

01. jan - 31. des 2022	Regnskap periode	
	i år	i fjor
Salgsinntekter	2 163 240	1 845 580
Andre inntekter	0	225 573
SUM DRIFTSINTEKTER	2 163 240	2 071 153
Varekostnad	0	-10 000
Varekostnad / driftsinntekter	0,0 %	0,5 %
Underentrepriser	-300 000	-500 513
Underentrepriser / driftsinntekter	13,9 %	28,9 %
Lønnskostnader	-739 296	-711 936
Lønnskostnader / driftsinntekter (Lønnsprosent)	34,2 %	34,4 %
DEKNINGSBIDRAG (Innt. - varek., u.ent. og lønn)	1 123 944	749 704
DB / driftsinntekter (DB i %)	52,0 %	36,2 %
Kostnader lokaler	-32 000	-50 490
Leie/programleiekostnader	-22 857	-13 589
Verktøy og rekvisita	-11 743	-34 856
Bjørnafjordkonferansen	-690 648	
Konsulentonorarer	-231 465	-460 508
Herav Miljøfyrtårn	-43 999	
Herav regnskapshonorar	-40 653	-33 276
Herav Medlemspraten	-60 700	
Herav Andre arrangement	-86 113	
Kontorkostnader	-845	-158 312
Møter, kurs, oppdatering o.l	-57 420	
Telefon, porto, tidsskrifter	-8 553	-6 472
Reisekostnader	-9 713	-2 805
Reklame, kontingenter og markedsføring	-78 977	-34 543
Andre driftskostnader	-13 985	-2 859
Herav styre- og bedriftsforsamlings-møter	-5 216	-2 745
Tap på fordringer / driftsmidler	-61 400	0
SUM ANDRE DRIFTSKOSTNADER	-1 219 605	-767 181
Andre driftskostnader / driftsinntekter	56,4 %	37,0 %
DRIFTSRESULTAT	-95 662	-17 477
Driftsresultat / driftsinntekter (driftsmargin)	-4,4 %	-0,8 %
Finansinntekter	2 932	1 882
Finanskostnader	0	0
Ekstraordinære poster	0	0
SUM FINANS	2 932	1 882
RESULTAT FØR SKATT	-92 730	-15 595
Resultat / driftsinntekter (resultatgrad)	-4,3 %	-0,8 %
	Underskudd	Underskudd

Balanse

Eiendeler	1. januar	Endring	31. desember
Imaterielle eiendeler	0	0	0
Bygninger/tomter	0	0	0
Driftsmidler	25 748	0	25 748
Aksjer/lansiktige fordr.	0	0	0
Sum anleggsmidler	25 748	0	25 748
Lager	0	0	0
Kundefordringer	143 635	-72 416	71 219
Andre fordringer	21 105	-63 099	-41 994
Aksjer	0	0	0
Bank	765 779	103 125	868 904
Kasse	0	0	0
Sum omløpsmidler	930 519	-32 391	898 128
Sum eiendeler	956 267	-32 391	923 876

Gjeld og egenkapital	1. januar	Endring	31. desember
Aksjekapital/egenkap.	0	0	0
Annen egenkapital	-864 278	92 729	-771 549
Udekket tap	0	0	0
Årets resultat		0	0
Sum egenkapital	-864 278	92 729	-771 549
Avsetning til forplikt.	0	0	0
Pantelån	0	0	0
Sum langsiktig gjeld	0	0	0
Kassekreditt	0	0	0
Leverandørgjeld	-31 773	-9 840	-41 613
Betalbar skatt	0	0	0
Skyldig skattetrekk	-22 359	-536	-22 895
Skyldig merverdiavgift	40 980	-48 109	-7 129
Skyldig arbeidgiveravgift	-22 387	-1 068	-23 455
Skyldig utbytte	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-56 449	-786	-57 236
Sum kortsiktig gjeld	-91 988	-60 339	-152 327
Sum gjeld og egenkapital	-956 266	32 390	-923 876

4. VEDTEKTER

Styrets innstilling til vedtekter: ingen endringar

Dagens vedtekter som vedtatt på årsmøte 19. mai 2022

Vedtekter Bjørnafjorden Næringsråd

§1: Føremål

Bjørnafjorden Næringsråd har som føremål å ta vare på og utvikla næringslivet sine interesser i Bjørnafjorden.

§ 2: Medlemmer

Medlemmer kan vera a) firma, private næringsdrivande og etatar / organisasjonar / lag med tilknytning til næringslivet. b) Personmedlemskap: personar som er knytta til næringslivet og andre som styret antar kan tilføre foreningen impulser av betydning.

Kvart firma/medlem skal ha 1 stemme. Innmeldinga må vera skriftleg og trer i kraft når medlemskontingenten er betalt. Utmelding skjer skriftleg innan 31. juli i inneverande år..

§ 3: Organ

Bjørnafjorden Næringsråd sine organ er: Årsmøtet og Styret

§ 4: Kontingent

Etter tilråding frå styret, fastset årsmøtet medlemskontingent.

Medlem som etter påkrav ikkje har betalt den årlege fastsette kontingenten, vert strøken som medlem.

§ 5: Styret og sekretariat

Bjørnafjorden Næringsråd sitt styre skal vera 7 personar. Det skal veljast 2 varamedlemmer. Styremedlemmene vert valde for 2 år om gongen, slik at halve styret skiftevis står på val kvart år. Leiaren vert vald av årsmøtet ved særskilt val for eit år, elles konstituerer styret seg sjølv, og vel m.a nestleiar. Varamedlem til styret, valnemnd (3personer) og revisor vert vald for 1 år, på årsmøtet.

Styret kan tilsetje lønt dagleg leiar / sekretariat og arbeida ut instruks for denne. Den tilsette eller innleigde daglege leiar / sekretariat står for den daglege drifta i næringsrådet i samsvar med den stillingsinstruks som gjeld til ein kvar tid.

§ 6: Møter

Styret holder møter så ofte styreleiar finn det nødvendig eller 2 styremedlemmer krev det. For at styret skal være beslutningsdyktig, må minst halvparten av styrets medlemmer være tilstade. Over alle styrets møter føres protokoll. Styret er vedtaksført når 3 av medlemmene, mellom desse leiar eller nestleiar, møter. I slike høve må vedtaka vera samrøystes. Leiaren si røyst er avgjerande når røystetalet er likt.

Styret skal:

- Aktivt arbeida for å oppfylle føremålsparagrafen og strategisk plan.
- Fastsetje budsjett og føre tilsyn med økonomien.
- Ta opp til drøfting alle framlegg eller spørsmål som skriftleg er sende til styret.

§ 7: Årsmøte

Ordinært årsmøte vert vert innkalla med minst tre vekers varsel.

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret eller 1/3 av medlemmene finn det påkrevd. På ekstraordinært årsmøte har ein berre føre den eller dei sakene som har gjeve grunn for innkallinga.

Det ordinære årsmøte har føre:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Medlemskontingent
- Val på:
 - Leiar
 - Styremedlemmer, varamedlemmer, revisor og valnemnda (3 personar)
- Framlegg som styret eller medlemmene ynskjer førelagt årsmøtet. Framlegg til saker på årsmøtet må leverast skriftleg til styret innan to veker før årsmøtet.

Fullstendig saksliste må være tilgjengeleg for medlemmene seinast ei veke før årsmøtet.

§ 8: Røystereglar

Alle saker i styre og årsmøte vert avgjorde med vanleg fleirtal med unnatak av dei tilfelle som er nemnde i paragraf 9 og 10. Er røystetalet likt, er leiaren si røyst avgjerande.

Ein kan berre røysta ved personleg frammøte eller ved skriftleg levert fullmakt før årsmøtet, med skriftleg signatur eller e-post.

§ 9: Oppløysing

Oppløysing av Bjørnafjorden Næringsråd kan skje når minst 1/3 av medlemmene krev det og årsmøtet med 2/3 fleirtal av medlemsmassen eller 2 påfølgjande årsmøte vedtek det med vanleg fleirtal.

Ved oppløysing av Bjørnafjorden Næringsråd vedtek årsmøtet, ved vanleg fleirtal, korleis eventuelle midlar skal nyttast.

§ 10: Endring i vedtekter

Endringar i disse vedtekter kan berre foretast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vært på sakslista, og det kreve 2/3 fleirtal av de avgitte stemmene.

5. KONTINGENT

Styrets innstilling til kontigent

Vi fakturerte medlemmene for eit heilt år H2022/V2023 i september 2022.

Vi gjer som aksjeselskap og har årsmøte, regnskapsrapport og val i mai / juni.

Nytt styre sitter haust og vår. Vi følger rytmen til et aksjeselskap.

Innstilling: *Medlemskontingenten for 2023 / 2024 forblir uendra.*

Medlemskontingenten fakturerast i sin heilheit i august / september 2023.

Medlemskontigent 2023 / 2024

- Bedrifter med 1 ansatt (990,-)
- Bedrift med 2-5 tilsette (1.990,-)
- Bedrift med 6-10 tilsette (2.990,-)
- Bedrift med 11-25 tilsette (3.990,-)
- Bedrift med fleire enn 25 tilsette (6.990,-)
- Bedrifter i Os Sentrumsforening, Fjord'n senter og AMFI Os (990,-)
- Nyoppstarta bedrift (0,- innmeldingsåret)

6. VALKOMITEENS INNSTILLING

Valkomiteen 2023

- Frank Moberg
- Christoffer Kobbeltvedt
- Laila Moberg

Forslag til nytt styre for perioden haust 2022 og vår 2023

1 styreleiar for 1 år, 6 styremedlemmer for 2 år (2 i Fusa og 4 i Os), samt 2 varamedlem for 1 år.

Innstilling styreleiar:



Cathrine Elisabeth Smith - på val
Styreleiar (1 år)

Innstilling styremedlemmer:



Solfrid Ørnes - på val
Styremedlem (2 år)



Aleksander Grener - på val
Styremedlem (2 år)



Siri-Ann Myren Dalseide - ikkje på val
Styremedlem (1 år)



Frank Moberg - ikkje på val
Styremedlem (1 år)



Leif Gunnar Borgen - ikkje på val
Styremedlem (2 år)



Loren Ditmarsen-Radecka - på val
Styremedlem (2 år)

Innstilling styreleiar:



Bjørg Mette Holmefjord Antonsen - på val

Vara styremedlem (1 år)



Tor Espen H. Skoglund - på val

Vara styremedlem (1 år)

Informasjon om nytt varamedlem

Tor Espen H Skoglund - Dagleg Leiar, Innovasjø Akvakultur

Styrets innstilling til neste års valkomitee

Val på årsmøte

Styrets innstilling til revisor

Roald Stigen